



Statens vegvesen

Lindås kommune
Arealplan
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering L 12	
- 7. 05. 2012	
Ark. saksnr. 11/552	Løpnr.
Saksnr. TOFT	Tilgangskode

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:
2011/057470-004

Dykkar referanse:
2011/552

Vår dato:
03.05.2012

Reguleringsplan - gnr. 172 bnr. 10 og 66 - Nilshøyen bustadfelt i Lindås kommune - offentlig ettersyn

Vi viser til Dykkar brev av 19.04.12 med framlegg til reguleringsplan for Nilshøyen bustadfelt på Hopland ved Seim i Lindås kommune.

Planframlegget er på ca. 19 dekar i nærleiken av Seim skule. Området er i kommuneplanen sin arealdel lagt ut til byggjeområde for bustader. Føremålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for bygging av 14-15 nye einestader innanfor planområdet.

Planområdet grensar opp til fylkesveg 401 og fylkesveg 402 i aust og sør. Gjennom planområdet går vegen til Seim barnehage (Klubben) som grensar opp til planområdet i nord. Det går og ein privat veg i aust til eit mindre naustområde, der Lindås kommune har eit reinseanlegg for avlaup. Innanfor planområdet er det eit eksisterande bustadhus, ein garasje og eit nedlagt sagbruk. Det er stilt rekkjefølgjekrav om at ei høgspenlinje skal leggjast om eller leggjast i kabel for tomtene 11, 12, 13 og 14 kan byggjast ut.

Det ligg føre godkjend reguleringsplan for ny skule på Seim. Som del av den godkjende reguleringsplanen for skulen er og reguleringsplan for utbetring og trafikksikring av fylkesveg 402 mellom det tidlegare meieriet og forsamlingshuset Strilaton.

Det vart i utgangspunktet stilt rekkjefølgjekrav om trafikksikring av fylkesveg 402 på denne strekninga som del av bygging av ny skule på Seim. Dette kravet vart etter forhandlingar redusert til bygging av eit fortau langs skuletomta og ei fotgjengarkryssing ved skulen.

Når det no vert regulert eit byggefelt sentralt på Seim og nær opptil skuleområdet vil det vere naudsynt å krevje at det vert innarbeidd eit rekkjefølgjekrav om at det må etablerast eit fortau langs fylkesveg 402 frå bustadfeltet og fram til fotgjengarfeltet ved skulen før det kan setjast i gang utbygging av det nye bustadfeltet. Det er mogeleg for skuleborn frå tomtene 12-14 i det nye bustadfeltet å nytte internt vegsystem fram til krysset med fylkesveg 402. På denne måten treng ikkje skuleborna å gå langs den trafikkarlege fylkesveg 401 til skulen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 815 44 010
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Det er stor trong for trafikksikring av fylkesveg 401 frå Seim og nordover. Det har nyleg vore synfaring der deltakarar frå Statens vegvesen og Lindås kommune deltok. Det er semje om at det skal utarbeidast ein studie for å kartlegge moglege løysingar for å sikre trygg skuleveg m.a. ved bygging av eit fortau langs vegen. Etter at det er valt ei løysing tek ein sikte på å utarbeide ein reguleringsplan for tiltaket. Denne reguleringsplanen for trafikksikring av fylkesveg 401 kan føre til endringar på dei deler av reguleringsplanen for Nilshøyen som grensar inntil fylkesveg 401. Dette er forhold som ein vil kome tilbake til ved eit seinare høve.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Odd Høydalsvik
Odd Høydalsvik

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, Postb. 7900, 5020 Bergen